

Angående vurdering av habilitet

Det er særst viktig at det er openheit og god handtering av habilitet når det skal inngåast avtaler, i prosessar som gjeld tildeling av midlar, og ved handsaming av saker. «*Skjema for eigenerklæring ved vurdering av habilitet*» skal sikre ei rutine som dokumenterer uavhengighet og habilitet i samband med sakshandsaminga. Det er særst viktig at vurderingar av habilitet vert dokumentert for å unngå at det kan stillast spørsmål ved sakshandsamars uavhengighet og for å unngå tap av omdømme. Det er difor eit krav i Hordaland fylkeskommune at habilitetsvurderingar skal dokumenterast.

Det vert vist til forvaltningslova § 6 1. ledd. Her går det fram at offentleg tenestemann er ugild både til å legge til rette grunnlaget for ein avgjerd og til å foreta ein avgjerd i saka.

Det vert og vist til lova § 8 1. ledd. Her går det fram at tenestemannen avgjer sjølv om han er ugild.

Føremålet med *skjema for eigenerklæring ved vurdering av habilitet* er å dokumentere krav til vurdering av habilitet. Dei involverte personane skal ta heilhetlege omsyn i sine vurderingar.

Ferdig utfylt *Skjema for eigenerklæring ved vurdering av habilitet* **skal leggjast på saka**. Ein kopi skal leverast til næraste leiar.

Skjema for eigenerklæring ved vurdering av habilitet **skal lagrast på saka**.